
Saksnr: 2020/46484-40
Saksbehandlar: Einar Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Deloitte AS presenterer interimrevisjonsrapport 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek interimrevisjonsrapport 2020 frå Deloitte AS til orientering

Samandrag

I denne saka vil Deloitte AS presentere arbeidet med interimrevisjonen 2020. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen sine rekneskap vert revidert og at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Ulla
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rapport interimrevisjon 2020 - Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i fylkeskommunen har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, jf. kommunelova § 23-2 Kontrollutvalets ansvar og myndigheit, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskaperen vert revidert på ein trygg måte og halde seg orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten, revisjonsrapport nr. 1, bygger på revisjonsplan for 2020 frå Deloitte AS, som vart presentert for kontrollutvalet tidlegare - 11.05.20.

I dette møtet vil Deloitte AS presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vere ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen sine rekneskaper vert revidert og at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vere med.

Rapport etter interimsrevisjonsarbeidet ligg ved.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tek oppsummeringa etter interimsrevisjon 2020 frå Deloitte AS til orientering.